



Ove Magne Myhre
Uskedalsvegen 787

5463 Uskedalen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Kjelstrup	452 10 707	2019/3169-33		04.03.2021

Avvising av klage på vedtak om steinknusing - 134/85 - Industriområde Børnes - Uskedalen - Eidsvik Eigedom AS

Delegert vedtaksnr: 2021/160

Vi viser til klage datert 05.01.2021 som gjeld steinknusing på gnr/bnr 134/85 i vedtak av 16.12.2020.

Om klagerett:

Klagen sendt frå deg er sendt på vegner av naboar og grunneigarar til Børnes Industriområde.

Forvaltningslova (fvl.) § 28 seier at «Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken (...)». Det er klart at vedtaket frå 16.12.2020 er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Det er og klart at de ikkje er part i saka. Spørsmålet blir då om de har rettsleg klageinteresse i saka som difor gir rett til å klage.

Sidan «rettslig klageinteresse» ikkje er definert i lova må vi støtte oss på lovforarbeid og faglitteratur for å finne kva som ligg i omgrepet. For å ha rettsleg klageinteresse må ein ha ei aktuell interesse og ei viss tilknytning til saka. I dette ligg det mellom anna at klagaren må være nærare til å klage enn folk flest, jf. «Forvaltningsrett», Woxholt (5.utg.) s. 501. Nabointerese *kan* gi klagerett, men det må vurderast konkret i kvar sak.

Juridisk teori seier vidare om klagar har eit «reelt behov» for å få kravet handsama at klagar si «...interesse har slik art og styrke at det er rimelig å gi ham et rettskrav på å få vedtaket overprøvd» jf. «Forvaltningsrett 9. utgave» av Eckhoff/Smith på side 314 siste avsnitt.

Vurdering:

I klagen dykkar har de vist til at de vil ha klare retningslinjer for kva tiltak som vert sett i verk for å dempe støv, støy og at det vert laga ein massehandteringsplan. De har ikkje peika på

konkrete ulemper de som naboar og grunneigarar vil få med tiltaket. På den måten er det vanskeleg å vurdere om interessene dykkar blir råka på ein sånn måte at det er ein aktuell interesse nok til at de skal ha rettsleg klageinteresse, ut frå ulemper. Vi må difor sjå på om interessa er av ein tilstrekkeleg art og styrke ut frå nærleik til tiltaket i avstand.

Vi legg ved eit kartutsnitt der vi har markert eigedomane til dei vi har søkt opp ut frå namn på dei som har vore med på klagen. Ut frå dette ser vi at dei fleste eigedomane ligg mellom 300-400 meter målt frå ytterkant på eigedom gnr/bnr 134/85. Avstand til sjølve knusinga av stein vil difor bli større.

Vår vurdering er at ut frå avstand frå tiltaket til dykkar eigedomar har ikkje dykkar interesser tilstrekkeleg art og styrke til at de har rettsleg klageinteresse. Tiltaket skal følgje reglane i forureiningsforskrifta kap. 30 og Statsforvaltaren i Vestland har vurdert meldeskjema om tiltaket opp mot reglane. Dei viser til tiltak som skal setjast i verk i tillegg til å krevje støymåling dersom avstanden blir mindre enn 200 meter mellom nabo og knusing. Vi ser ikkje at dykkar eigedomar har tilstrekkeleg interesse til å få klagen vurdert.

Vilkår for å behandle klagen er ikkje oppfylt, og klagen blir difor avvist.

Vedtak:

Klage på vedtak om steinknusing på gnr/bnr 134/85 vert avvist, jf. fvl. § 33 annet ledd.

Dette vedtaket kan påklagast, jf. fvl. § 28 innan tre veker frå underretning om vedtaket er kome fram, eller vedkomande fekk kjennskap til vedtaket.

Med helsing

Hilde Kjelstrup
Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg:
Kartutsnitt